
Saksnr: 2021/18109-15
Saksbehandlar: Jomar Ragnhildstveit

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		10.12.2021

Strategi for handtering av skrantesjuka (CWD) på Hardangervidda

Forslag til vedtak

Hovudutval for næring tek saka til vitande.

Samandrag

På møtet i hovudutval for næring 08.09.21 bad utvalet om ei oppfølgingssak til referatsak 48 (Strategi for handtering av skrantesjuka på Hardangervidda). Det vart argumentert for at også fylkeskommunen burde ha ei meining om strategi i ei så viktig sak, sjølv om villrein ikkje direkte er fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Det kom ei ny tilråding om strategi for bestandsreduksjon 23. november, som tek meir omsyn til innspel frå og samarbeid med lokal forvaltning. Det gjer at innspel frå fylkeskommunen synest mindre aktuelt no.

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef naturressursar, landbruk
og reiseliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Brev frå Vlfk - CWD hjort, elg, rådyr
- 2 Brev frå Vestland Bondelag - jerv

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Etter at ein eldre villreinbukk på Hardangervidda testa positivt på smittsam skrantesjuka hausten 2020, kom spørsmålet om kva som skulle gjerast for å søkje å hindre smittespreiing og stoppe sjukdomen. Mattilsynet og Miljødirektoratet har ansvar for høvesvis dyresjukdomar og viltforvaltning. Dei to direktorata gav Vitskapskomiteen for Mat og Miljø (VKM) i oppgåve å utarbeidde ein fagrapport, blant anna med vurdering av strategi for handtering av skrantesjuka på Hardangervidda. Rapporten kom 20.01.21, som VKM-rapport 2021:01 *Handlingsrommet etter påvisning av skrantesyke (Chronic Wasting Disease, CWD) på Hardangervidda - grunnlag for fremtidige forvaltningsstrategier*.

Etter VKM-rapporten kom Mattilsynet og Miljødirektoratet 28.04.21 med fagleg tilråding til Landbruks- og matdepartementet (LMD) og Klima- og miljødepartementet (KLD) om korleis vi kan handtere skrantesjuka i Noreg framover. Tilrådinga kom i dokumentet: «*Mål, strategi og tiltak for handtering av skrantesjuka i Norge etter positivt funn på Hardangervidda september 2020*». Tilrådingane der byggjer i stor grad på kunnskap frå VKM-rapport 2021:01. *På tiltaket om reduksjon av vaksen bukk og generell bestandsreduksjon leverte Mattilsynet og Miljødirektoratet ei delt innstilling*. Mattilsynet meinte at det i 2021 var vesentleg å få tal bukk 3,5 år og eldre ned mot eit minimum, og eit uttak på 1500 vaksne simler i 2021. Miljødirektoratet rådde til at delen vaksen bukk 3,5 år og eldre vart redusert ned mot 0-3 % og at 1000-1500 simler vart felt i 2021. Vidare meinte Miljødirektoratet at det var viktig å oppretthalde ordinær jakt for å forvalte bestanden.

I referatsak RS 48/2021 på møtet i hovudutval for næring 08.09.21, var det lagt ved brev frå ordførarane rundt Hardangervidda (datert 10.06.21), vedlagt ei felles pressemelding frå *Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet* og *Hardangervidda villreinnemnd* (datert 07.06.21). Pressemeldinga og brevet frå ordførarane er ein sterk reaksjon på den store bestandsreduksjonen som Mattilsynet tilrådde. I pressemeldinga står det blant anna:

Villreinnemnda og Villreinutvalet for Hardangervidda har i dag gjennomført møte med Klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn i Klima og miljødepartementet (KLD) og statssekretær Widar Skogan, i Landbruks- og matdepartementet (LMD).

Alle involverte partar er einige om at skrantesjuka (cwd) er ein forferdeleg sjukdom og at den må takast på alvor. Handtering av cwd vil påvirke oss i mange år framover.

Lokal forvaltning med Villreinnemnda, som det offentlege organet, og Villreinutvalet, rettighetshavarane og jegrane, som dei private aktørane, har over fleire år bidrege til at me har eit godt utgangspunkt for å handtere cwd situasjonen på Vidda på ein god måte.

Miljødirektoratet (MDIR) og Mattilsynet (MT) og lokal forvaltning/rettighetshavarar/jegrar er samde om det meste. Striden står om det eine punktet; Bestandsreduksjon. Og på akkurat dette punktet er strategien til MDIR og strategien til MT/VI ekstremt ulike. MDIR ynskjer, som oss, å oppretthalde ei stamme med ein årleg kalvetilvekst på om lag 1.500 kalv, medan MT ynskjer å redusere stamma til «genetisk levedyktig bestand» (anslått til 500-1000 dyr) i løpet av 2-3 år.

Målet vårt med møtet var å argumentere for at Regjeringa må velgje MDIR sin strategi, - fordi dette er den strategien som er mest i tråd med VKM-rapporten og fordi det i realiteten er den einaste strategien som kan lukkast.

I brevet frå ordførarane står det blant anna:

Viser til pressemelding frå Villreinnemnda for Hardangervidda og Hardangervidda villreinutval.

Ordførarane rundt Hardangervidda er svært uro for Mattilsynet si tilråding vedkomande bestandsreduksjon som tiltak i kampen mot CWD på Hardangervidda. Med dette som bakgrunn vil me argumentera for at Regjeringa må følgje Miljødirektoratet si tilråding på dette punktet. For oss er det svært viktig at forvaltninga skjer på eit best mogleg kunnskapsgrunnlag, og at det skjer i samråd med lokale forvaltningsorgan.

Me ber difor om at Landbruks- og Matdepartementet og Klima- og Miljødepartementet med øvste politiske leiing kallar inn til eit møte med ordførarane i kommunane rundt

Hardangervidda før det vert fatta endeleg avgjersle om strategi for handtering av CWD på Hardangervidda.

I tillegg til ovannemnde brev og pressemelding fekk Vestland fylkeskommune også kopi av støttebrev frå Viken fylkeskommune datert 17.06.21. I brevet, underteikna av dåverande fylkesråd for plan, klima og miljø Anne Beathe Tvinnereim (noverande Utviklingsminister), står det: «Vestfold og Telemark, og Viken fylkeskommuner vil derfor med dette støtte opp om budskapet som ordførerne rundt Hardangervidda har fremmet ovenfor Klima- og miljødepartementet og Mat- og landbruksdepartementet». Kommentar: Vi kan ikkje sjå at saka har vore politisk behandla i Vestfold og Telemark fylkeskommune.

Saksopplysningar

Mål for jakt 2021

Departementa fastsette 13.09.21 følgjande mål for villreinjakta 2021:

Andelen bukker 3,5 år og eldre må reduseres ned mot et minimum i 2021, dvs. tilnærmet lik null.

Mål for felling av simler er 1000 - 1500 dyr.

Nye tilrådingar om bestandsreduksjon

I ei kunngjering frå Miljødirektoratet publisert 14.10.21 står det: «Miljødirektoratet og Mattilsynet har fått i oppdrag fra departementene å vurdere om et ekstraordinært uttak av villrein på Hardangervidda er nødvendig etter endt jakt. En faglig vurdering skal leveres til departementene innen 12. november».

På Hjorteviltportalen (hjortevilt.no) vart det 11.11.21 lagt ut informasjon om at direktorata si skrantesjuke-vurdering, som skulle leverast 12. november, var utsett til i slutten av november, grunna at strukturteljinga etter jakta hadde teke lengre tid enn forventa på grunn av vêrforholda. Det vart også informert om at dei to direktorata i oktober skulle ha eit møte med lokal forvaltning om jakta i år og om arbeidet vidare.

Skrantesjukevurdering levert 23. november

Den 23. november leverte Mattilsynet og Miljødirektoratet den nye rapporten med vurdering av ulike tiltak knytt til handteringa av skrantesjuke på Hardangervidda. Den inneheld svar på følgjande 4 bestillingar frå KLD og LMD datert 13.09.2021:

- 1) Ordinær jakt.
- 2) Førebuing for eit evt. ekstraordinært uttak.
- 3) Fagleg vurdering av behovet for ekstraordinært uttak etter jakta i 2021.
- 4) Vidare forvaltning av stamma.

(Sjå meir info og nedlastingside på Miljødirektoratet [her](#).)

Under punkt 3 er det vist til departementa sitt mål for jakta i 2021 datert 13. september. Det er også vist til at departementa hadde bestemt at det etter jakta i 2021 skulle takast stilling til behovet for ekstraordinært uttak vinteren 2021/22. I rapporten er vurderinga at måla om uttak i jakta 2021 ikkje vart heilt oppnådd, men at det likevel ikkje vert rådd til ekstraordinært uttak etter jakta. I konklusjonen er blant anna følgjande utheva: «*Etter en samlet vurdering har Mattilsynet og Miljødirektoratet kommet til at det ikke er tilrådelig å gjennomføre ekstraordinære uttak av villrein vinteren 2022. Hensynet til en god framtidig forvaltning og lokal oppslutning om det videre arbeidet er tillagt stor vekt i denne vurderingen*».

Under punkt 4 (Vidare forvaltning av stamma) står det blant anna at Mattilsynet og Miljødirektoratet er bedt om å gjere ei heilskapleg vurdering av vidare forvaltning av villreinbestanden på Hardangervidda, og skal på eigna måte involvere dei lokale i vurderingane. Det står at direktorata ønskjer å gjennomføre dette arbeidet som ein dialogprosess med ei breitt samansett arbeidsgruppe, tilsvarande som for arbeidet med reetableringa av villrein i Nordfjella sone 1. Denne arbeidsforma er godt motteken lokalt, og er også ønskt av villreinforvaltninga på Hardangervidda. Det står at lokal forankring av arbeidet blir viktig, det same blir forankringa innafor fagfelte bestandsforvaltning, økologi og veterinærmedisin. Direktoratata utformar mandat og oppnemner medlemmer til gruppa. Medlemmer skal innhente, ivareta og formidle synspunkt frå eigen organisasjon eller eige fagfelt i arbeidet. I tillegg har Mattilsynet og Miljødirektoratet bestilt ei eiga fagleg vurdering av genetik og bestandsreduksjon som skal vere ferdig 1. mars 2022. Direktoratata anslår at den endelege vurderinga av vidare forvaltning av villreinbestanden på Hardangervidda kan føreliggje til sommaren 2022.

Nytt møte med lokal forvaltning 29.11.21

LMD la 24.11. ut informasjon om at Landbruks- og matminister Sandra Borch og statssekretær Aleksander Øren Heen i KLD (medlem i hovudutval for næring på møtet 08.09.21) inviterer lokale aktørar til eit høyringsmøte for vidare handsaming av skrantesjuke på Hardangervidda 29. november. Det står at det skal vere møte med ordførarane i kommunane rundt Hardangervidda frå kl 09.15-10.45 med etterfølgjande pressebrief, og at Borch og Heen etter lunsj vil ha møte med representantar for Villreinnemnda, Villreinrådet, Villreinutvalet og dei fylkesvise tilsynsutvala for Hardangervidda (Vestfold og Telemark, Vestland og Viken).

Vurdering

Hovudutvalet bad om ei sak i år. Som vist har det skjedd ein del i forvaltninga av villrein på Hardangervidda i haust. Nokre dagar etter hovudutvalet sitt møte 08.september fastsette departementa 13.september mål for villreinjakta som var meir i samsvar med Miljødirektoratet si tilråding, altså ein mindre drastisk bestandsreduksjon i 2021 enn tilrådinga frå Mattilsynet. Måla for jaktuttaket vart ikkje heilt nådd, men direktorata tilrådde 23.november likevel ikkje ekstra uttak etter jakta. Direktorata tilrådde dessutan betre dialog med lokal forvaltning framover. Den endelege vurderinga av vidare forvaltning av villreinbestanden på Hardangervidda kan ventast å føreliggje til sommaren 2022.

Fylkeskommunen var kopimottakar av ordførarane sitt brev vedlagt referatsak RS 48/21. Brevet var ikkje adressert til politisk leiing. Fylkeskommunen har som viltorgan etter villlova ikkje forvaltningsansvar for villrein som viltart. Kanskje var brevet frå ordførarane berre meint som orientering, i og med fylkeskommunen sitt ansvar for *Regional plan for Hardangervidda 2019-2035*, (vedtatt av fylkestinget i Vestland i juni 2020), der ivaretaking av villreinen sitt leveområde er det sentrale. Administrativt er det vanskeleg for fylkeskommunen å argumentere mot direktorata sine faglege tilrådingar for å bekjempe klassisk skrantesjuke, men direktorata må vise kva vurderingar som er gjort og kunnskapsgrunnlaget. På noverande tidspunkt vert det vurdert at dei nye tilrådingane frå direktorata 23.november truleg kan akseptrast av lokal forvaltning. Det hastar heller ikkje med eventuell uttale frå Vestland fylkeskommune, og eventuell uttale på vegne av fylkeskommunen bør etter delegasjonsreglementet gjerast av fylkesutvalet.

Det er stor frykt for at klassisk skrantesjuke i Noreg kan smitte til andre hjortedyr. Difor er det også stor merksemd på å søkje å hindre spreiding av sjukdomen til hjort, elg og rådyr. Fylkeskommunen har hovudansvar på regionalt nivå for forvaltninga av hjort, elg og rådyr. Spesielt er det tette bestandar av hjort i fylket. Seinast i brev frå Miljødirektoratet og Mattilsynet 25.08.21, fekk dei 7 «CWD-kommunane» i fylket; Årdal, Lærdal, Aurland, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Voss, oppmoding om å forankre reduksjon av hjorteviltbestandane (hjort, elg og rådyr) rundt Nordfjella og Hardangervidda i kommunale mål. Direktorata bad om tilbakemelding frå kommunane om prosess og status i dette arbeidet innan 01.11.21. Tilbakemeldingane skulle sendast til fylkeskommunen, som så skulle sende tilbakemeldingane samla til direktorata, med ei kort vurdering av behov for vidare oppfølging. Her er til orientering lagt ved fylkeskommunen si tilbakemelding til direktorata (Vedlegg 1).

Det vil vere ulike motiv for å sende kopiar av brev til fylkeskommunen, og det kan vere vanskeleg å vurdere kva som t.d. bør leggjast fram som referatsak. Som døme er det til orientering her lagt ved eit brev frå Vestland Bondelag (Vedlegg 2), datert 11.11.21, med blant andre fylkeskommunen som kopimottakar. Tittelen på brevet er «Ekstraordinært uttak av jerv i beiteprioritert område i Indre Sogn»: I brevet er bondelaget svært skuffa på vegne av beitebrukarane i Indre Sogn. Bondelaget kan ikkje sjå at SNO (Statens naturoppsyn) har fått i oppdrag å felle jerv i Region 1 og i Skjåk og Lom sør for Ottadalføret. Bondelaget oppmodar Miljødirektoratet om straks å auke tal oppdrag til SNO samt utvide område for felling av jerv til også å gjelde Region 1 og områda sør for Ottadalen i Skjåk og Lom.

Vedtakskompetanse

I reglement for hovudutval for næring nr. 7 (Fråsegner) står det: «Dersom utvalet sjølv ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema innan sitt saksfelt, kan utvalet vedta ei fråsegn om dette. Fråsegner på vegner av Vestland fylkeskommune vert å leggjje fram for fylkesutvalet.»

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant
Klima: Ikkje relevant
Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant

Konklusjon

Spørsmålet på utvalet sitt møte i september var om også Vestland fylkeskommune burde ha ei meining om strategi for handtering av skrantesjuka på Hardangervidda. Etter villreinjakta i år har det kome ny tilråding om strategi for handtering av skrantesjuka på Hardangervidda, der det er teke meir omsyn til innspel frå lokal villreinforvaltning. På noverande tidspunkt vert det difor ikkje sett behov for nokon uttale. Etter delegasjonsreglementet bør ein eventuell uttale på vegne av fylkeskommunen vedtakast av fylkesutvalet.